

Til

Fylkestannlegen

Hordaland Fylkeskommune

Austrheim 30.05.18

UTTALE ANGÅANDE TANNHELSETILBODET FOR SJUKEHEIMSBEBUARANE I AUSTRHEIM

Som pårørende til bebuarar ved Nordliheimen i Austrheim er me svært uroa over det dårlegare tannhelsetilbodet i kommunen.

Inntil for få år sidan hadde Austrheim tannklinikk som låg sentralt i kommunen og kun fem minutts gangavstand frå sjukeheimen. To gongar i året fekk bebuarane tilsyn og diagnostisering av tannlege som kom til sjukeheimen. Ved trong for vidare behandling kunne bebuarane gå med eller utan følge eller evt bli køyrt i rullestol av personalet, til tannlegekontoret. Det heile var unnagjort på kort tid.

Så vart tannlegekontoret lagt ned. Næraste kontoret vart på Lindås. Grunngevinga var visstnok føremonene større fagmiljø kunne gje og dermed lettare rekruttering. Økonomisk vinning låg visst og til grunn.

Dei gamle vert skadelidande. Levealderen har auka. Langt dei fleste gamle har i dag egne tenner. Tenner treng vedlikehald og ettersyn. Medisinbruk og kroniske lidingar kan medføre at tannhelse vert ytterlegare forringa i tillegg til alder i seg sjølv. Nedsett evne til ivaretaking av eiga tannhelse grunna fysisk og mental svekking medfører og auka trong for tilsyn og evt reperasjon. Me les at mange eldre er underernærte. Ein føresetnad for god ernæring er god tannhelse. Dårlig tannhelse kan og medføre tannverk, infeksjonar, tannkjøtliding med tannlausning etc. Og ikkje minst har det med velvere å gjere. Både unge og gamle likar eit fint smil.

I dag er det sjeldnare tilsyn på sjukeheimen. Og viss det er naudsynt med vidare behandling, må bebuarane ha skyss til næraste tannlege, i dag på Lindås. Dei aller fleste treng følge til dette. Det må tilretteleggjast med transport, med plass til turvande rørslehjelpemiddel. Ein må ha personar til å følge. I ein pressa kvardag er det ikkje bemanning til at personale kan bruke fleire timar på å følge ein bebuar til tannlege. Pårørende kan spørjast, men få har vel mulegheit til å forlate eigen jobb i fleire timar med dertil tapt arbeidsinntekt. Dei aller sjukaste og svakaste er og for dårlege til å tole denne lange turen til tannlegen. Resultatet kan verte at tannbehandlinga vert sløyfa.

Me vil på det sterkaste oppmode til at tannlegekontoret i Austrheim vert gjenopna. Dei offentlege velferdstilboda skal gagne alle, også dei som bur ute i distrikta.

Med helsing

Anne Grete Breisnes

Pårørandekontakt

Birger Hopland

Pårørandekontakt

Kopi: Ordførar og plomsleiar i Austrheim

